Vestland fylkeskommune

Opptaksreglement for skuleåret 2027-2028

Kven kan søkje?

Skulen er open for søkjarar som oppfyller opptakskrava nedanfor.

Alder
Søkjaren må fylle 16 år seinast innan 31.12 i skoleåret.

Deltaking
Søkjaren må vere innstilt på å delta i undervisninga, aktivitetane og fellesskapen til skulen gjennom skoleåret. Det vert ikkje stilt generelle krav om karakterar eller fullført vidaregåande opplæring.

Språk og norskopplæring
Undervisning og fellesaktivitetar føregår i hovudsak på norsk. Søkjarar må vere innstilte på å lære og bruke norsk som ein del av skoleåret. For elevar på den internasjonale linja til skulen som ikkje har tilstrekkelege norskkunnskapar ved skulestart, vert det lagt til rette for særskild norskopplæring, gjennom song, samspel og sosiale arenaer. Det vert forventa at elevane arbeider med å ta aktivt del i skuletilbodet for å tileigne seg norskkunnskapar.

Utanlandske elevar
For utanlandske søkjarar gjeld avgrensingane i folkehøgskuleforskrifta § 5. Skulen kan difor ikkje ta opp fleire utanlandske elevar i den gruppa som vert omfatta av føresegna enn forskrifta tillèt.
Dersom talet på kvalifiserte søkjarar i denne gruppa overstig grensa, vert søkjarane prioriterte etter kriteria i punkt 3.
Eventuelle særskilde opptakskrav for ei linje skal vere sakleg grunngjevne og offentleggjorde før opptaket startar.

2. Korleis vert opptaket gjennomført?

Opptaket startar 15. november året før skoleåret tek til. Søknader som er mottekne før opptaket startar, vert handsama ved oppstart av opptaket.
Dersom skulen eller ei linje har fleire kvalifiserte søkjarar enn tilgjengelege plassar, vert søkjarane prioriterte etter kriteria i punkt 3.
Etter dette har skulen løpande opptak fram til skulestart så lenge det er ledig kapasitet. Søknader vert handsama utan ugrunna opphald.

3. Prioritering ved fleire søkjarar enn plassar

Dersom det er fleire kvalifiserte søkjarar enn tilgjengelege plassar ved skulen eller på den aktuelle linja, vert søkjarane prioriterte etter følgjande kriterium:

- Motivasjon og interesse for den aktuelle linja.
- Motivasjon for å delta i undervisning, aktivitetar og fellesskapen til skulen gjennom skoleåret.
- Geografisk mangfald, når søkjarar elles står tilnærma likt.
- Tidspunkt for motteken søknad, dersom søkjarane framleis står likt.

Motivasjon vert vurdert på grunnlag av fastsette spørsmål i søknaden. Søkjarar skal så langt som mogleg verte vurderte på eit samanliknbart grunnlag.

4. Tilrettelegging

Behov for individuell tilrettelegging er ikkje i seg sjølv til hinder for opptak og skal ikkje i seg sjølv føre til lågare prioritet.
Søkjarar vert oppmoda om å informere skulen så tidleg som mogleg om behov for tilrettelegging eller særskild oppfølging i undervisning, internatliv, aktivitetar eller reiser. Føremålet er at skulen og eleven saman kan avklare behov og moglegheiter for tilrettelegging før skulestart.
For linjer med lengre reiser skal skulen gi tydeleg informasjon om innhaldet i reisa og dei praktiske rammene. Søkjarar som kan ha behov for tilrettelegging på reisa, vert oppmoda om å kontakte skulen tidleg.

5. Svar, venteliste og klage

Tilbod om skuleplass og avslag vert gitt skriftleg. Ved tilbod om plass får søkjaren ein frist for å stadfeste plassen.
Kvalifiserte søkjarar som ikkje får plass på grunn av manglande kapasitet, kan setjast på venteliste. Ventelista følgjer dei same prioriteringskriteria som opptaket.
Avslag vert grunngjeve i samsvar med reglane som gjeld for enkeltvedtak. Søkjaren kan klage på vedtaket etter reglane i forvaltningslova. Klagefristen er tre veker frå vedtaket er motteke. Klagen vert send til skulen, som vurderer saka på nytt før ho eventuelt vert send vidare til klageinstansen til skulen.

6. Offentleggjering

Opptaksreglementet og eventuelle linjespesifikke opptakskrav skal vere offentleg tilgjengelege før opptaket startar 15. november. Informasjon på nettsidene til skulen, folkehøgskole.no og i søknadsskjemaet skal vere i samsvar med reglementet.